

Høyringsuttale frå Utdanningsforbundet Jølster om forslag til endringar i opplæringslova og privatskolelova

Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag

Utdanningsforbundet Jølster meiner at pedagogisk personale i skulen skal ha høg kompetanse i dei faga dei underviser i.

Innføring av kompetansekrav for undervisning må ikkje føre til at lærarar som har tilstrekkeleg kompetanse før nye reglar trer i kraft, mistar kompetansen sin i grunn- og vidaregåande skule. Det vil vere særst urimeleg om lærarar som ikkje fyller dei nye krava, skal verte utestengd frå å skifte stilling utan å ha gjennomført vidareutdanning. Det er arbeidsgjevar sitt ansvar å syte for at lærarar kontinuerleg får tilbod om relevant etter- og vidareutdanning.


Det må vere ein føresetnad at ein følgjer praksis frå tidligare endringar i kompetansekrava for tilsetting, ved at dei nye lov- og forskriftskrava ikkje vert gjort gjeldande for lærarar som har godkjent kompetanse etter tidligare reglar. Vi meiner difor at krav til relevant kompetanse for undervisning må gjelde frå den nye grunnskulelærarutdanninga frå og med hausten 2014.

Om oppheving av den særlege ordninga for skular med små ungdomstrinn

Vi meiner det er nødvendig med unntaksregler for å kunne innføre kompetansekrav for undervisning. For Jølster er det viktig at skular med ungdomssteg som har mindre enn 60 elever og færre enn 5 lærarårsverk skal kunne fråvike kravet til kompetanse for undervisning, dersom det er nødvendig. Vi ønsker difor at regelen i Opplæringslova § 10-2 femte ledd skal vere som i dag.

Skei 09.12.2014

For UDF-Jølster



Einar Gautefall – leiar